



Fylkesmannen i Rogaland

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Vår dato:

04.02.2019

Vår ref:

2017/3580

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref:

«REF»

Kontakt saksbehandlar

Maren Skåden, 51 56 88 32

Fylkesmannen si vurdering av innbyggjarinitiativ etter inndelingslova § 8

Reidar Høllesli, Ingvar Meling Røssevold og Kjersti Helen Seldal Nordnes har søkt om at det skal setjast i gang utgreiing om grensejustering slik at delar av eit område på nordsida av Lysefjorden der kommunegrensa vart justert i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt vedtak av 10.12.2018, blir ført tilbake til Forsand. Fylkesmannen avslår søknaden.

Bakgrunn for saka

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vedtok den 10.12.2018 at kommunegrensa mellom kommunane Forsand og Strand blir justert slik at områda nord for Lysefjorden blir flytta til Strand kommune.

På bakgrunn av dette vedtaket er det i brev datert 12.1.2019 fremja eit innbyggjarinitiativ signert Reidar Høllesli, Ingvar Meling Røssevold og Kjersti Helen Seldal Nordnes. Dei skriv mellom anna at

- KMD sitt vedtak ikkje tek omsyn til at grensejusteringa vil gi ein skuleveg til Strand på opp mot ein time, det same gjeld barnehagebarn.
- Justeringa får negative følgjer for Forsand skule når over 13 % av barna blir borte.
- Det blir peika på at det var ein overvekt på 10 personar som stemte for grensejusteringa i Kolabygda, men at det samstundes var 12 stemmeføre som ikkje stemte av ulike årsaker.
- Det er blitt sterkare band mellom nord- og sørssida av Forsand etter at bruva stod klar i 1997. Nye familiar har flytta til nordsida, som kjenner sterkt tilknyting til Forsand kommune.
- Nordsida har felles skule, barnehage, sjukeheim, kulturhus, nærbutikk og kyrkje med Forsand. Legevaktordninga med Sandnes har i tillegg vist seg å fungera bra.

Vi syner elles til brevet i sin heilskap.

Fylkesmannen si vurdering

Det går fram av inndelingslova § 8 at «*Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grensejustering eller grensefastsetjing kan fremjast av innbyggjarar og grunneigarar i dei kommunane søkeren gjeld*». Hovudregelen i slike tilfelle er at Fylkesmannen så snart som råd skal orientere kommunane, slik at dei kan følgja saka frå starten, og eventuelt kome med fråsegn og bakgrunnsopplysningar jf. inndelingslova § 8 fjerde ledd, siste setning.

Dette initiativet har oppstått på grunn av ei allereie vedteken grensejustering. Fylkesmannen legg til grunn at kommunane fekk uttala seg til førre initiativ før det vart fatta vedtak om grensejustering. Vidare har fellesnemnda for Nye Sandnes skrive eit brev til KMD datert 31.12.2018 der dei bad om at ovannemnde vedtak om grensejustering vart reversert. Fleire av dei same momenta som Høllesli, Røssegård og Nordnes held fram i innbyggjarinitiativet, vart og peika på i Fellesnemnda sitt brev.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har i brev datert 31.1.2019 gjort ein ny gjennomgang av saka og dei momenta som er løfta fram av Nye Sandnes. Departementet fann ikkje grunn til å endra på forskrifta om grensejustering mellom Forsand og Strand. Departementet si vurdering følgjer som vedlegg til dette brevet. Vi syner elles til departementet sine vurderingar i sin heilskap.

Fylkesmannen vil understreka at avgjerdssorganet kan gjera endringar i ein søknad om grensejustering, dersom det er grunnlag for det. I vedtaket av 10.12.2018 kom likevel KMD fram til, etter ei samla vurdering, at grensa skulle justerast i tråd med innbyggjarinitiativet. Vi legg til grunn at departementet har kome til at grensa slik ho var foreslått i initiativet, ga ei formålstenleg eining i samsvar med føremålet i inndelingslova. Vi understrekar at initiativet Fylkesmannen no har motteke til behandling, krev at departementet sitt vedtak av 10.12.2018 blir endra. I forlenginga av det er det naturleg å peika på at inndelingslova ikkje gir klagerett på eit vedtak etter § 6, og at det heller ikkje er klagerett etter forvaltningslova (fvl) sine reglar fordi vedtaket ikkje er eit enkeltvedtak, men ei forskrift, jf. fvl. §28 sml § 2.

Vi understrekar at spørsmålet om grensejustering mellom Forsand og Strand er grundig utgreidd, både før grensejusteringa vart vedteken, og som følgje av Nye Sandnes sin førespurnad om omgjering. Fylkesmannen kan ikkje sjå at søkeren om å endra det grensejusterte området inneholdt opplysningar som ikkje allereie er kjende for departementet. På denne bakgrunn finn Fylkesmannen at dette er ei sak som ikkje vil føra fram.

Fylkesmannen sitt vedtak

Fylkesmannen avslår søknad i brev 12.1.2019 om at det blir sett i gang i utgreiing av initiativ etter inndelingslova § 8, til ny grensejustering mellom Forsand og Strand.

De kan klaga på dette vedtaket til Kommunal- og moderniseringsdepartementet jf. inndelingslova § 9. Ei klage skal eventuelt sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå vedtaket er motteke jf. forvaltningslova § 29

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

- 1 Departementet opprettholder grensejusteringen

Kopi til:

Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Forsand kommune	Fossanvegen 380	4110	Forsand

Adresseliste:

Ingvar Meling Røssevold	Kolabygdvegen 824	4110	Forsand
Kjersti H Seldal Nordnes	Meling 34	4110	Forsand
Reidar Høllesli	Høllesli 5	4110	Forsand